

# Kollektivtrafikk for kven?



debatt

**OLA DEVIK**  
Gløppen

**I 1975** kunne ein gå innom Fjordane reisebyrå på Sandane og kjøpe ein billett frå Sandane til Oslo. Der var fire busselskap pluss NSB med på transporten, men det var ikkje noko problem den gongen. Dessutan kunne ein gjere det same på NSB reisebyrå i Oslo.

No er det slik at tog og buss har ikkje lenger pålagd korrespondanse. Kjøper du ein billett med toget frå Otta til Oslo så har du ingenting du skulle sagt om bussen ikkje er der før toget går. Det er du som har kjøpt billett og må bere tapet.

**NO SKAL** vi alle søke på nettet og kjøpe våre billetter der. Det er til bry. Eg veit at eit selskap kalla Nettbuss køyrer frå Skei til Oslo og vil gjerne vere med,

men søker du på buss frå Sandane til Oslo via Skei på Nettbuss-sida får du «ingen avgang». Men frå Skei til Oslo vil dei køyre, men altså ikkje ha med passasjerar frå Sandane. Ein time og fleire nettsider seinare har ein fått tak i rutetider som kanskje kan gje transport til Skei og vidare til Oslo. Ein må kjøpe billett hos Nettbuss minst ein halvtime før bussen går frå endehaldeplassen og ein er sjølv ansvarleg for å komme seg til Skei. Ingen kan lastast om bussane ikkje korresponderer.

**NETTBUSS VIL** ikkje ha med passasjerar frå Sandane til Oslo og eigentleg vil dei ikkje ha med passasjerar i det heile. Etter påske i fjor var eg så uheldig å stå på Otta med øydelagd bil. Då trudde eg bussen var redninga for å komme seg heim. Men det er det ikkje. Der kunne vi ikkje få vere med. Då måtte vi ha bestilt billett før bussen gjekk frå Oslo. Men då visste vi ikkje at bilen skulle gå i stå. Hadde vi prøvd å bestille ein halvtime før bussen gjekk frå Oslo hadde vi sikkert fått beskjed om at det var ingen plassar ledig i bussen. Det har ikkje eg vore ute for, men det er visst også mogleg.

Fjordekspressen Bergen-Trondheim har til nyleg vore

hakket betre, men dei har ymta om at det om ikkje lenge blir slutt på plassgarantien der også. Eg har nytta denne bussen mange gonger, men den reisa eg gjorde i påska i år vert den siste. Bussen har hatt kviletid for sjåføren på Dovre motell. Der er det romsleg nattopen kafeteria og rimeleg gode toalettforhold. No er det ikkje alle passasjerar som skal ha mat eller do midt på natta, men for meg som er opp i åra er det eit gode med bra toalettforhold, ikkje minst for å kunne stelle kontaktlinsene nattetid. Opplevinga på siste Trondheimsreisa gjorde det vanskeleg. No har einkvan funne på noko nytt.

Mange langdistansebussar skal ha stopp og kviletid for sjåførane på ein bensinstasjon på Otta. Det er sikker bra for sjåførane å treffe kvarandre. Men eg ser ikkje fordelene for passasjerane. Der er seks bussar som har 45 minutt stopp. Med fullt belegg på alle bussane noko slikt som 300 passasjerar. Den nattopne bensinstasjonen har bensinstasjonsmat, men berre 15-20 sitteplassar, men berre toalett. Heile tre toalett og to handvaskar. Kvar er mattilsynet? At det er toalett på bussane er inga unnskyldning.

**FYLKESDIREKTØR FOR sam-**

ferdsel og kollektivtrafikk. Kan du gjere noko med dette? Kan vi bruke bussar med lågare standard som har nesten like gode sete og nokre ståplassar (dei sparer no likevel på stoppinga i dei bussane som skal vere av den gode sorten)? Kan konsesjonsvilkåra også omfatte korrespondanse og billettsarbeid? Nettbuss påstår at dei ikkje har konsesjon til å selje billetter der eg har nemnt. Kan det bli sjåførbytte i staden for langt stopp når forholda er så dårlege som dei er no?

**NESTE KONSEJONSRUNDE** blir vel elektriske bussar med elektriske stolar og da er alle problem løyste. Da trengst det ikkje mange sete i bussen eller andre fasilitetar.

Enn så lenge avstår eg frå å reise kollektivt på langruter.

**«Nettbuss vil ikkje ha med passasjerar frå Sandane til Oslo og eigentleg vil dei ikkje ha med passasjerar i det heile»**



**BUSS:** Ola Devik er ikkje nøgd med korleis tilbodet med ekspressbussane fungerer.